



Arild Aase  
Åse 35  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/2266 - 20/18586

Saksbehandlar:  
Marte Hagen Eriksrud  
marte.hagen.eriksrud@alver.kommune.  
no

Dato:  
07.04.2020

## **KDP E39 -svar på brev frå grunneigarane på Isdal og Åse, etter orientering i APM utvalet 11.03.2020**

Viser til brev frå Arild Aase og Kjersti Isdal, datert 15. mars 2020. Brevet var retta til Statens vegvesen, Norconsult og Alver kommune, med kopi til medlemmar i utvalet for areal, plan og miljø, leiarar i ulike politiske parti, samt rådmann og ordførar. Dette svarbrevet er utarbeida av administrasjonen i Alver kommune, med bistand frå Statens vegvesen.

Ber om at Statens vegvesen og/eller Alver kommune står som mottaker av framtidig korrespondanse. Norconsult arbeider på oppdrag frå Statens vegvesen, og er såleis ingen eiga part i planarbeidet.

### **Prosess med silingsrapport og planprogram**

Kommunedelplan for E39 Flatøy-Eikefettunnelen vil få vesentlege verknader for miljø og samfunn, og for slike planar skal ein, jf. Pbl. § 4-1. utarbeide eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. Planprogrammet, for kommunedelplan E39 Flatøy-Eikefettunnelen, vart vedtatt i Lindås kommune 19. september 2017 og i Meland kommune 27. september 2017.

Planprogrammet omtale førmålet med planen og avklarte rammer og premiss for arbeidet med sjølve kommunedelplanen. Kva alternative trasèar som skal utgreiast, tema og problemstillingar som er knytt til planarbeidet og kva konsekvensutgreiingar som må utførast, er fastsatt i planprogrammet.

Medverknad i samband med planprogrammet er gjennomført i tråd med krav i plan- og bygningslova. Framlegg til planprogram var, saman med silingsrapporten, ute til høyring og offentleg ettersyn i to perioder; 4. november 2016 til 20. desember 2016 og 9. mai til 8. juni 2017. Dette for å sikre at alle som ønskja det fekk kome med

innspel. I høyringsperioden var det mellom anna arrangert tre opne informasjonsmøte, samt to «ope konton».

### **Føresetnadene for planprogrammet er ikkje endra**

Statens vegvesen, Norconsult og Alver kommune (ved plan og analyse), deltok på synfaring og påfølgende møte med grunneigarar på Åse og Isdal 18. november 2019. Dialog i etterkant, e-post til Arild Aase datert 11. desember 2019, tar for seg spørsmålet om det er endringer i føresetnadene som tilsier behov for ein endring av planprogrammet. Som omtalt i den e-posten er det ikkje administrasjonen sin vurdering at føresetnadene for det vedtatte planprogrammet er endra. E-post er lagt ved.

### **Arbeid med kommunedelplanen**

Med utgangspunkt i føringane i det vedtekte planprogrammet er arbeidet med planforslag til kommunedelplan for E39 Flatøy-Eikefettunnelen starta opp hausten 2019. Arbeidet med utarbeiding av planforslaget til kommunedelplanen er eit fagleg arbeid, basert på rammene som er lagt i planprogrammet.

I arbeidet med kommunedelplanen skal alle alternativa i vedtatte planprogram detaljerast ytterligare, og dei positive og negative konsekvensane av kvart enkelt alternativ skal skildrast. Bestillinga frå planprogrammet er å få opp eit best mogleg kunnskapsgrunnlag om alle alternativa. Det kunnskapsgrunnlaget skal ligge til grunn for vedtak av kommunedelplan og endeleg val av framtidig trasé for E39.

I arbeidet med kommunedelplanen blir det utarbeida eksempeelveglinjer for alle alternativ i planprogrammet. Konsekvensutgreiing av kvart alternativ vert utarbeida for ein 200 m brei korridor. Metode for konsekvensutgreiing, handbok V712, er utgangspunkt for arbeidet med konsekvensutgreiinga. Metoden legg opp til at ein i stor grad tar i bruk eksisterande kunnskap i ulike registreringar og databaser. I tillegg vert det gjennomført feltarbeid i planområdet. Metoden og arbeidsomfang for konsekvensutgreiinga legg ikkje opp til utstrakt grunneigarkontakt eller bruk av informantar på grunneigarnivå. Ein jobber for å handsame alle alternativ og heile strekningar på ein mest mogleg lik måte og med same objektivitet.

I merknader til høyring av planprogrammet kom det fram mykje informasjon som er tatt med og vert brukt i arbeidet med kommunedelplanen. Innkomne merknader til høyring av planprogrammet er samla og kommentert i dokumentet «Høyring av planprogram-Samandrag av merknader med kommentaran». Dokumentet var vedlegg til sak om vedtak av planprogrammet. Kunnskapsgrunnlag og grunnlagsdokumentasjon for optimalisering av dei vedtekte alternativa i planprogrammet vert gjort tilgjengeleg og kjent i samband med høyring av planforslaget.

Endelig fastsetting av vegtrasé, innanfor fastsatt korridor, vert først gjort i reguleringsplan. Kva år reguleringsplanarbeidet vil starte opp avheng av bevilgningar frå sentrale styresmakter. Først når reguleringsplanen skal utarbeidast vil ein detaljere kva deler som vil gå i dagsone og kva deler som vil gå i tunnelsone, og dette vil variere frå alternativ til alternativ.

I arbeid med kommunedelplanen vil konsekvensane av det enkelte alternativ frå planprogrammet bli godt belyst, slik at ein både administrativt og politisk skal vere godt kjent med konsekvensane, før eit vedtak i saka vert tatt.

På nyåret 2021 får Alver kommune oversendt eit forslag til kommunedelplan frå Statens vegvesen. Utval for areal, plan og miljø vil få saka til politisk handsaming. Dei skal vedta ønskja alternativ for framtidig trasé for E39 og legge planforslaget ut på høyring.

### **Handsaming av fråvik**

I brevet vert det stilt spørsmål til handsaming av fråvik i arbeidet med kommunedelplanen.

Vegnormalene gjeld for all planlegging, og bygging av veger og gater på det offentlege vegnettet. Statens vegvesen kan fråvike vegnormalene for riksveger, bruer (inkludert bruer på fylkesveg) samt skiltnormalene på all offentlig veg. For fylkesveger og kommunale veger er myndigheten ellers lagt til henholdsvis fylkeskommunen og kommunen.

Viss det er nødvendig å fråvike krava i vegnormalen, skal dette handsamast ved å sende ein søknad til Statens vegvesen. Vegnormalene har to nivå av krav – skal og bør. Skal-krav vert handsama av Vegdirektoratet, mens Bør-krav vert handsama av Divisjon utbygging. Søknad om fråvik vert sendt inn på eige skjema, og konsekvensane av fråviket skal vurderast. Sentrale konsekvenser som skal vurderast:

- Teknisk kvalitet
- Tryggleik for trafikantane
- Miljøkvalitet, ytre miljø, HMS
- Estetikk
- Økonomi
- Drift og vedlikehald
- Framkommelighet for alle kjøretøy- og trafikantgrupper

I arbeidet med kommunedelplanen tar ein i bruk eksempelveglinjer for å avklare om det er mogleg å etablere det nye veganlegget innanfor krava som er definert i vegnormalane. Det vert i det lengste jobba med å unngå fråvik, men i nokre tilfelle vil det, av ulike årsaker, vere hensiktsmessig å utfordre vegnormalane for å tilpasse løysingane til staden på best mogleg måte. For å avklare korleis ein i planarbeidet skal jobbe vidare med eit alternativ som vil krevje fråvik, er ein avhengig av ei vurdering frå aktuell mynde. I dette planarbeidet vil det i hovudsak vere Vegdirektoratet (skal-krav). Fråvikshandsaming er vanleg i overordna utgreiingar på kommuneplannivå, og handsaming av fråvik gjev ikkje grunnlag for å endre planprogrammet ved å trekke inn andre alternativ enn dei planprogrammet peikar på.

I brevet vert Norconsult tillagt å ha sagt at dei ønskjer at eit alternativ går ut basert på fråvikshandsaminga. Norconsult har inga eigen agenda knytt til arbeidet med kommunedelplanen. Konsulenten utfører eit arbeid i tråd med fastsette føringar i planprogrammet, på oppdrag for og under leiing av Statens vegvesen.

## **Kopling til Alversund i V7C**

I brevet vert det stilt spørsmål om kopling til Alversund i alternativ V7C. Tunnel til Alversund er inkludert i alternativ V7C fordi ein tunnell er einaste måte dette alternativet kan løyse avviklinga av trafikk til og frå Alversund. Denne koblinga er med for at dette alternativet skal vere samanliknbart med V8 i det vidare planarbeidet.

Finansiering av Alversund koplinga er omtalt i kap. 6.10 i planprogrammet, og den er markert som raud i illustrasjonar for å skilje den vegkoplinga frå alternative nye trasear for E39.

## **Medverknad**

Ny trase for E39 vil ha konsekvenser for Alver kommune, og det er i alle sin interesse at dette arbeidet vert gjennomført på ein ryddig og open måte. God medverknad er viktig for alle som vert rørt av planarbeidet. Som omtalt over har prosessen rundt vedtatt planprogram fulgt krava i plan- og bygningslova.

I møte i Utval for areal, plan og miljø, 29. april 2020, vert politisk sak om plan for medverknad i utarbeiding av kommunedelplanen handsama. Plan for medverknad vil skissere opplegg for det vidare arbeidet med omsyn til medverknad.

## **Avsluttande kommentar**

Alver kommune og Statens vegvesen har forståing for at det er eit stort behov for informasjon og kunnskap om det pågåande arbeidet. Det er bakgrunnen for at Statens vegvesen og administrasjonen i Alver kommune har vore positive til å delta på møter med grunneigarar og andre ved førespurnad/behov.

I brevet vert det etterspurt kontaktinformasjon til dei ansvarlege for dei enkelte tema i konsekvensutgreiinga, samt kontaktinfo til medlemmer i ekstern samarbeidsgruppe. Statens vegvesen, ved planleggingsleiar Gunn Cecilie Omre, ønskjer at eventuell informasjon og/eller spørsmål, som er relevant for konsekvensutgreiinga, vert sendt direkte til henne. Vestland fylkeskommune og Fylkesmannen er samarbeidspartar og høyringspartar i planarbeidet.

I brev datert 15. mars er det fleire spørsmål knytt til pågåande arbeid med optimalisering av alternativa og spørsmål av meir teknisk karakter. Representantar frå Statens vegvesen, Norconsult og administrasjonen i Alver kommune er positive til å gjennomføre eit skypemøte, for å kunne svare ut denne typen spørsmål. Underteikna sender eiga e-post med forslag til aktuelle tidspunkt.

På Statens vegvesen sin prosjektside for planarbeidet ligg relevante dokument ute: <https://www.vegvesen.no/Europaveg/e39flatoyeikefettunnelen>

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Kristin Nåmdal  
avdelingsleiar

Marte Hagen Eriksrud  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

KDP E39 - spørsmål om endring av planprogrammet (L)(658866)\_til Arild Aase\_111219

**Mottakarar:**

Arild Aase  
Kjersti Isdal

Åse 35  
Isdal 85

5916 ISDALSTØ  
5916 ISDALSTØ